

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Kommunedirektøren

INNKALLING TIL MØTE I FJORD KONTROLLUTVAL

Måndag 8. juni 2020, kl. 10.00, rådhuset i Valldalen

SAKLISTE:

- Sak 12/20 Godkjenning av møtebok frå møte 14.05.2020
- Sak 13/20 Årsmelding 2019 – Norddal kommune.
- Sak 14/20 Årsrekneskapen 2019 – Norddal kommune.
- Sak 15/20 Årsmelding 2019 – Stordal kommune
- Sak 16/20 Årsrekneskapen 2019 – Stordal kommune
- Sak 17/20 Orientering om omdisponering av dyrka jord i Fjord kommune.

Melding: Oversikt over aksjar og andelar i Fjord kommune.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 926 11735 til dagleg leiar eller e-post bjorn.tommerdal@sksi.no

Jonas Falch
leiar
(sign.)

Sak 12/20 Godkjenning av møtebok frå møte 14.05.2020

MØTEBOK

Møtedato: 14. mai 2020

Møtestad: Rådhuset i Fjord kommune, Valldalen, kl. 10.00

Møtet vart leia av: Jonas Falch

Elles til stades: Gudmund Relling, Solveig Linge Stakkestad og Nina Grøndahl. Tanja Mathiesen deltok på telefon.

= 5 voterande

Det var ingen merknader til innkallinga og sakslista blei godkjend.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA møtte forvaltningsrevisor Kurt Løvoll. Frå administrasjonen møtte kommunedirektør Karl Andre Birkhol.

Sak 08/20 Meldingar.

Meldingane blei tatt til vitande.

Sak 09/20 Godkjenning av møtebok frå møte 17.04.2020.

Sakspapir frå sekretariatet datert 7. mai 2020.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteboka frå 17. april 2020.

Sak 10/20 Orientering om omdisponering av dyrka jord i Fjord kommune.

På grunn av ytre omstende hadde ikkje kommunedirektøren høve til å presentere saka på møtet. Kommunedirektør Karl André Birkhol bad om å få kome tilbake til denne orienteringa ved eit seinare høve.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vel å utsette saka til sitt neste møte måndag 8. juni 2020.

Sak 11/20 Risiko– og vesentlegvurdering – bestilling, innspel og diskusjon i kontrollutvalet.

Sakspapir frå sekretariatet datert 7. mai 2020.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller frå Møre og Romsdal Revisjon SA ei risiko- og vesentlegvurdering av Fjord kommune si verksemd og verksemd i kommunen sine selskap innafor ei ramme på inntil 100 timar.
2. Fjord kontrollutval ønskjer å framheve følgjande områder for det vidare arbeidet med ei risiko- og vesentlegvurdering: **Barnevern, psykisk helse/rus og NAV /sosialtenesta.**

EVENTUELT:

1. Leiar Jonas Falch hadde spelt inn spørsmål om kor langt arbeidet med ny rusmiddel-politisk handlingsplan var kome i Fjord kommune. Kommunedirektøren delte ut eit notat med status på dette arbeidet. Kontrollutvalet ber om å bli halde oppdatert på det vidare arbeidet fram til og med vedtak i kommunestyret.
2. Sekretariatet tok opp spørsmålet om det var ønskjeleg å få laga eit eige reglement for Fjord kontrollutval. Dagleg leiar Bjørn Tømmerdal orienterte kort om dette. Kontrollutvalet bestemte å be om ei slik sak til sitt fyrste møte på hausten.

Møtet var slutt kl. 11.05

Jonas Falch
Leiar
(sign.)

Solveig Linge Stakkestad
Nestleiar
(sign.)

Gudmund Relling
Medlem
(sign.)

Nina Grøndahl
Medlem
(sign.)

Tanja Mathiesen
Medlem
(sign.)

Som pdf vedlegg følger:

- Årsmelding 2019 – Norddal kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer.

Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek årsmelding 2019 for Norddal kommune til vitande.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Som pdf vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til årsrekneskapen 2019 - Norddal kommune datert 3. juni 2020.
2. Norddal kommune - årsrekneskapen 2019

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målsetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale til kommunestyret:

1. Norddal kommune sin rekneskap for 2019 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet gjer merksam på at årsrekneskapen 2019 ikkje blei avlagt innan fristen 15. februar 2020, noko som kommunelova krev.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Til kommunestyret i Fjord kommune

Kopi:

Kontrollutvalet

Formannskapet

Kommunedirektøren

Melding frå uavhengig revisor

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Norddal kommune som viser NOK 138 523 586,- til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på NOK 310 460,-. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2019, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2019, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overholdt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Kommunedirektøren er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av informasjon i kommunens årsmelding, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte. Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» under utsegn om andre lovmessige krav.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide et årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Det henvises til www.nkrf.no som inneholder en beskrivelse av revisors oppgaver og plikter.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Andre forhold

Uten at det har betydning for våre konklusjoner vil vi presisere at kommunen sin årsrekneskap vart avlagt etter fristen i kommunelova som er 15. februar 2020.

Ålesund, 3. juni 2020

Knut G. Alnes
oppdragsansvarlig revisor

Som pdf vedlegg følger:

- Årsmelding 2019 – Stordal kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer.

Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek årsmelding 2019 for Stordal kommune til orientering.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Som pdf vedlegg følger:

3. Revisjonsmelding til årsrekneskapen 2019 - Stordal kommune datert 3. juni 2020.
4. Stordal kommune - årsrekneskapen 2019

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målsetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale til kommunestyret:

1. Stordal kommune sin rekneskap for 2019 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet gjer merksam på at årsrekneskapen 2019 ikkje blei avlagt innan fristen 15. februar 2020, noko som kommunelova krev.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Til kommunestyret i Fjord kommune

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen

Melding frå uavhengig revisor

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Stordal kommune som viser kr 83.306.643 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 422.790. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2019, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2019, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overholdt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Rådmannen er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av informasjon i kommunens årsmelding, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte. Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» under utsegn om andre lovmessige krav.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen

Rådmannen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Rådmannen er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide et årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Det henvises til www.nkrf.no som inneholder en beskrivelse av revisors oppgaver og plikter.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Andre forhold

Uten at det har betydning for våre konklusjoner vil vi presisere at kommunen sin årsrekneskap vart avlagt etter fristen i kommunelova som er 15. februar 2020.

Ålesund, 3. juni 2020



Knut G. Alnes
oppdragsansvarlig revisor

Sak 17/20 Orientering om omdisponering av dyrka jord i Fjord kommune.
--

Bakgrunn:

Frå møteboka 14. mai 2020:

På grunn av ytre omstende hadde ikkje kommunedirektøren høve til å presentere saka på møtet. Kommunedirektør Karl Andre Birkhol bad om å få kome tilbake til denne orienteringa ved eit seinare høve. Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak: Kontrollutvalet vel å utsette saka til sitt neste møte måndag 8. juni 2020.

Kommunedirektør Karl Andre Birkhol har bekrefta at han vil gje kontrollutvalet ei slik orientering på møtet 8. juni 2020.

Saka vert med dette lagt fram utan tilråding til vedtak. Kontrollutvalet kan med bakgrunn i orienteringa sjølv fremme eventuelt forslag til vedtak.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Melding til kontrollutvalet sitt møte 8. juni 2020

OVERSIKT OVER SELSKAP SOM FJORD KOMMUNE HAR EIGARDEL I ELLER EIG 100%					
	Norrdal	Stordal	Fjord	Totalt antal aksjar andelar	Andel
Art: 22168002 Norsk Skogindustri AS	11 725		11 725	Minoritetsposte. Selskapet er under konkurshandsaming.	0,00 %
Art: 22168004 AS Storfjordsambandet	1 000		1 000	Total aksjekapital er kr. 1 521 000	0,07 %
Art: 22168006 Kommunekraft AS	1 000		1 000	Total aksjekapital kr. 320 000	0,31 %
Art: 22168010 Tafjord Kraftselskap AS	17 100 000		17 100 000	Total aksjekapital 400 mill	4,28 %
Art: 22168011 Eigenkapital KLP	6 705 343	3 622 027	10 327 370	Samla Egenkapital 37 339 000 000	0,03 %
Art: 22168016 Storfjord Helsesenter AS	6 872 858		6 872 858	Total aksjekapital 14 000 000	49,09 %
Art: 22168020 Åknes-Tafjord IKS	297 500	192 500	490 000	Fjord kommune sin eigardel i ÅTB.	20,00 %
Art: 22168021 ÅRIM IKS	9 500	5 500	15 000	Fjord kommune sin eigardel i ÅRIM	2,48 %
Art: 22168022 Valldal Fjernvarme AS	3 660 000		3 660 000	Total aksjekapital 4 000 000	91,50 %
Art: 22170003 Fjørå Vassverk SA	19 000		19 000	Andelar i sam,band med eigarsitsar i Fjord	
Art: 22170004 Storfjord Kulturhus SA	5 000		5 000	Total aksjekapital 771 000	0,65 %
Art: 22170005 Ytterdal Nye Vassverk SA	34 500		34 500	Andel i vassverk i samband med kommunale eigedomar i bygda	
Art: 22170006 Norrdal Vassverk SA	15 000		15 000	Andel i vassverk i samband med kommunale eigedomar i bygda	
Art: 22170007 Tafjord Vasslag SA	7 000		7 000	Andel i vassverk i samband med kommunale eigedomar i bygda	
Art: 22170012 Muritunet AS	2 620 000		2 695 000	Total aksjekapital 14 343 000	18,79 %
Art: 22170013 Det Norske Teateret AS	400		400	Total kapital 11 244 000	0,0036 %
Art: 22170014 Valldal Kailag AS	20 300		20 300	Fjord kommune eig 12 av 152 aksjer	6,32 %
Art: 22170017 Fjordhagen AS	25 000		25 000	250 aksjar av 3060 aksjar	8,17 %
Art: 22170021 Hareid Fastlandsamband AS	5 000	10 000	15 000	15 aksjar av 7 587 aksjar	0,00198 %
Art: 22170022 Stiftinga Skredsenter Tafjord	50 000		50 000	Samla egenkapital i % av innbetalt kapital Ssom er kr. 100 000	50,00 %
Art: 22170023 Norsk Fjordsenter AS	250 000		250 000	1250 av 51201 aksjar	2,44 %
Art: 22250001 Tafjord Kraftselskap ansvarleg	14 250 000		14 250 000	Ansvarleg lån til Tafjord kraftselskap AS	
Art 2217002 Biblioteksentralen		300	300	Samla kapital er kr. 1152 000	0,03 %
Art 2217003 Stordal Alpinsenter		26 000	26 000	Fjord kommune eig 26% av Stordal Alpinsenter AS	26,00 %
Art 2217006 Årim		0	0	Sjå over	
Art 2217009 Sunnmørshallen		5 500	5 500	Ikke lenger eit selskap. No Ålesund Storhall AS.	
Art 2217010 Storfjord sambandet		5 000	5 000	Samla kapital Kr. 1 521 000	0,33 %
Art 2217012 Muritunet AS		0	0	Sjå over	
Art 2217017 Ørskog Energi AS		9 379 000	9 379 000	4500 av 2000 aksjer	20,00 %
Art 2217018 Stordal Næringsbygg		1 239 000	1 239 000	1200 av 1200 aksjer	100,00 %
Art 2217020 Åknes Tafjord beredskap		0	0	Sjå over	
Art 2217021 Møbelkraft AS		150 000	150 000	150 aksjar av 5 262	2,85 %
Art 2217023 Stordal Aquaproduksjon		100 000	100 000	100 aksjer av 300 aksjer	33,33 %
Art 2217024 Utvikl forum Ålesund lufthamn		25 000	25 000	Hadde 41 eigarar som hadde 1 aksje kvar. Fjord kommune har no 2 aksjar. Norrdal kommune sin andel står ikkje i balansen	4,88 %
Totalt bokført verdi for aksjar og andelar	51 960 126	14 834 827	66 794 953		
Der det er felles eigarskap har vi flytta verdien slik at totalen viser samla bokført verdi pr. selskap					
Ikke balanseført i Stordal					
Hareid Fastlandssamband ??	10 000			Sjå over	
Storfjord Bladlag ??	5 280			20 aksjer av 980	2,04 %